

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/6252-1

## Klage frå Sunnfjord Kunstlag på avslag på søknad om kulturmidlar

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klagen frå Sunnfjord Kunstlag vert ikkje teken til følgje.

#### Vedlegg:

- Søknad, dagsett 12.01.16
- Klage, dagsett 20.04.16

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Vedlegg til søknaden (årsrekneskap, årsplan, årsmelding, budsjett)
- Vedtak om avslag på søknad, dagsett 15.04.16
- Underinstansen si handsaming av klagen, dagsett 13.06.16
- Oversending til fylkesrådmannen, dagsett 05.07.16
- Fylkeskommunen sine retningslinjer for kulturmidlar:  
<http://www.sfj.no/kulturmidlar-til-allment-kulturarbeid.340484.nn.html>

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune yter kvart år ulike økonomiske tilskot til kulturarbeid i fylket, mellom anna midlar til allment kulturarbeid. Informasjon om kulturmidlane er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine heimesider:

<http://www.sfj.no/kulturmidlar-til-allment-kulturarbeid.340484.nn.html>

Sunnfjord Kunstlag søkte i år om 20 000 kr i grunnstønad, til å gjennomføre åtte arrangement, m.a. Vestlandsutstillinga. Det går fram av søknaden at det samla budsjettet for arrangementa var på 136 000 kr.

Fylkesdirektør for næring og kultur av slo søknaden ved avgjerd dagsett 15.04.16. Fylkesdirektøren vurderte søknaden slik:

*Sunnfjord kunstlag er ein viktig aktør i kulturlivet i Sunnfjord, men fylkesdirektøren ser på det som eit lokalt lag. Lokale lag må søkje kommunale kulturmidlar. Vestlandsutstillinga får eigne løyvingar frå fylkeskommunen.*

Kunstlaget klaga på avgjerda ved brev dagsett 20.04.16. Søknaden og klagen ligg vedlagd.

Fylkesdirektøren handsama klagen som underinstans ved brev av 13.06.16. Fylkesdirektøren tok ikkje klagen til følgje, og sende saka over til fylkesrådmannen for førebuing til klagenemnda.

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. delegeringsreglementet punkt 1.4.3.

## **2. Klagaren har hovudsakleg gjort gjeldande**

Sunnfjord Kunstlag har vore arrangør for Vestlandsutstillinga sidan Sogn og Fjordane kom inn på turnéruta i 1979/80. Klagar meiner at kunstlaget er av regional karakter då det har medlemmar busett i alle Sunnfjordkommunane, i tillegg til Sogn og Nordfjord. At utstillinga må kunne reknast som eit fylkesdekkande tiltak, ligg implisitt i det faktum at det dei tre seinaste åra er fylkesdirektør for kultur og fylkesordførar(ar) som har opna utstillinga.

Vidare hevdar kunstlaget at tilskotet som vert gitt til Vestlandsutstillinga ikkje kjem lokale arrangørar til gode. Utstillinga er difor eit tapsprosjekt for klagar om ein tenkjer berre på dei økonomiske sidene. Å stå som arrangør for utstillinga krev også ein betydeleg arbeidsinnsats frå medlemmane. Sunnfjord Kunstlag vurderer om dei kan halde fram som arrangør på grunn av dette.

Kunstlaget trekkjer også fram at dei i sitt arbeid set søkjelys på profesjonelle kunstnarar med tilknytning frå fylket.

Avslutningsvis skriv kunstlaget at

*«det er vanskeleg for [dei] å kome i inngrep med Den kulturelle Skulesekken så tidleg at vi kan ha nytte/glede av dei moglegheitene som ligg der med omsyn på økonomisk hjelp til forestillingar/arrangement som [dei] tek initiativ til».*

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Av retningslinjene for kulturmidlar går det fram at organisasjonar og samanslutningar med kulturell aktivitet som hovudføremål kan søkje om grunnstønad. Organisasjonane må dekke heile fylket, eller ein region (minst tre kommunar).

Vidare følgjer det av utlysingsbrevet at fylkeskommunen legg vekt på medlemstal ut frå betalt medlemskontingent og medlemmer under 26 år. Det vert ikkje gitt grunnstønad til politiske organisasjonar, og helse- og sosialretta organisasjonar, som ikkje har kulturaktivitet som sin hovudaktivitet. Søklarane må sende inn rekneskap og årsmelding for siste år, og budsjett og arbeidsplan for komande periode, samt opplyse om tal medlemmar.

I brev dagsett 13.06.16 vurderte fylkesdirektøren klagen slik:

*Klagen inneheld ingen nye opplysing i høve søknaden, men utdjupar nokre sider ved den. Søklar har heller ikkje påvist at det er gjort sakshandsamingsfeil i samband med avslaget.*

*Klagar søkjer grunnstønad med utgangspunkt i aktivitetsplan for 2016. Budsjetttrammene gir ikkje rom til å støtta alle som søkjer grunnstønad. Ved tildeling av grunnstønad legg ein vekt på medlemstal ut frå betalt medlemskontingent og medlemmer under 26 år. Organisasjonar med barn og unge som medlemmar vert prioritert. Sunnfjord kunstlag har ingen medlemmar under 26 år. I tillegg kjem at sjølv om Sunnfjord kunstlag har medlemmer i fleire kommunar, er det fylkeslaget Sogn og Fjordane kunstlag som vert sett på som det regionale leddet i denne samanheng.*

*Fylkesdirektøren opprettheld vedtaket av 15.04.2016.*

*Klagar viser i si klage til eit framtidig prosjekt om unge kunstnarar frå fylket som har etablert seg på den nasjonale og internasjonale kunstarenaen, men som har fått lite merksemd i eige fylke. Fylkesdirektøren ser med spenning på dette prosjektet, og vil invitere Sunnfjord kunstlag til ein dialog kring det.*

Fylkesrådmannen sluttar seg til underinstansen si vurdering av klagen. Fylkeskommunen har ikkje moglegheit til å støtte alle som søkjer om kulturmidlar, og må ved prioriteringa legge vekt på kriteria som går fram av utlysingsbrevet. Då Sunnfjord Kunstlag ikkje har medlemmar under

26 år, og Sogn og Fjordane Kunstlag vert rekna som den regionale aktøren, har ikkje fylkesrådmannen innvendingar til at søknaden ikkje vart prioritert.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å vurdere søknaden annleis enn fylkesdirektøren, og tilrår såleis at klagenemnda held fast ved fylkesdirektøren sitt vedtak.

Dersom klagenemnda tek klagen heilt eller delvis til følgje, vert løyvinga dekt frå teneste 7900, kulturmidlar.

#### **4. Konklusjon**

På bakgrunn av retningslinjene for prioritering av kulturmidlar tilrår fylkesrådmannen at klagenemnda ikkje tek klagen til følgje.